

Kyrkjeåret

Kyrkjeåret byrjar 1.søndag i advent. Dei tre store høgtidene i kyrkjeåret er jul, påske og pinse. Tekstane for kvar søndag finn du på www.bibel.no, eller bak i Bibelen eller NT. Kvar søndag har sine bibeltekstar, men hovudpersonen er alltid den same-Jesus Kristus:

(GT-tekst)

(NT-tekst utanom evangelia)

(Evangelietekst - frå Evangelia)

Døme: På Påskedag er tekstane desse:

I Sal 118,14-24

1 Kor 15,1-11

Luk 24,1-9

II Jes 52,7-10

Rom 14,7-9

Matt 28,1-10

III 2 Mos 15,1-3

Kol 2,12-15

Joh 20,1-10

Forklaring: I, II og III tyder første, andre og tredje tekstrekkje. Tekstane møter oss eitt år slik dei står i første rekkje, neste år slik dei står i andre rekkje, og til sist slik dei står i tredje rekkje. Av og til vert det og preika over andre tekstar, men som oftast er det evangelietekstane i kvar av rekkjene det vert preika over.

På kyrkjeårssirkelen er dei ulike tidene i kyrkjeåret merkte av med kvar sin farge, men ikkje alle dagane som har eigen farge er tekne med. Fargane tyder:

Kyrkjeåret sine fargar

Kvitt eller Gull står for glede og fest, minner om Kristi oppstode. Nyttast Påsketida(1. påskedag - 6. søndag etter påske), Juletida: Julaftan-Kristi openberringsdag(unntatt 2.juledag), Dåp og Vigsel, Treeiningssøndagen, Helgemessesøndag.

Raudt minner om eld(Heilaganden)og kristent vitnemål. Nyttast Pinse(Pinsaftan-2. Pinsedag), Konfirmasjon, Jul(St Stefanusdagen, 2. juledag) Jonsok(24.juni)Olsok(29.juli)Mikkelsmess(29.september), Helgendagar.


Fiolett understrekar bot (alvor) eller sorg. Nyttast Adventstida: 4 søndagar i advent, Fastetida: (Oskeonsdag – Langfredag), Bots-og bønedagen, Skriftemål, Gravferd.

Svart understrekar sorg. Nyttast Gravferd, Langfredag. Bots-og bønedagen.

Grønt talar om at Kristus veks i oss og at vår kjennskap til Han skal auka. Nyttast Openberringstida: 1. søndag etter Kristi openberring - Fastelavnssøndag.

Treeiningstida: 2. søndag i Treeiningstida og ut kyrkjeåret.

Blå peiker på Maria, Lydnad mot Kristus. Nyttast Marimesse- Maria bodskapsdag.



Stoffet her er oppdatert og utvida av SM etter:

Mer enn du anar

Tore Kopperud, Hans Chr Lier

Luther Forlag, 1987

Illustrasjon frå:

Lev Livet.

Egil Morland, Tore Kopperud

Luther Forlag, 1996